

V E D T E K T E R  
F O R  
M E L A N D    A R B E I D S S E N T E R

§ 1

Namn

Selskapet sitt namn er Meland Arbeidssenter A/S.

§ 2

Forretningskommune

Forretningskontoret er i Meland kommune.

§ 3

Formål

Selskapet si målsetting er gjennom eigenproduksjon, industriproduksjon og ulike tenester å skape arbeidsplassar for personar med ulike funksjons- og yrkeshemningar. Verksemda kan i einskilde høve og gi arbeid til arbeidsledig ungdom og andre. (Med arbeid meiner ein: Ein arbeidsprosess, eller deler av ein slik prosess, som fører til verdiauke av eit produkt/tenester som skal ut på eit marked.)

§ 4

Aksjekapital

Aksjekapitalen er kr. 50.000,- fordelt på 50 aksjer á kr. 1.000,- fullt innbetalt og lydande på namn.

## § 5

### Omsetnad av aksjer

Overdraging av aksjer kan berre skje med styret sitt samtykke. Samtykke kan berre bli nekta ved sakleg grunngjeving. Selskapet sitt overskot skal bli i verksemda og bli disponert til føremål som styrkjer framtidig drift.

## § 6

### Styret

Selskapet skal leiast av eit styre på 7 medlemmer. 2 av styremedlemmene med vararepresentantar skal veljast av og mellom dei tilsette. Det eine styremedlemmet skal representera arbeidstakarane og det andre funksjonærane. Dei andre 5 styremedlemmene - her og styreformann - og 2 vararepresentantar - blir valt av generalforsamlinga med alminneleg fleirtal for 2 år om gangen. Styret sin formann og varaformann blir valt ved særskild val. Ingen aksjeeigarar aleine kan ha meir enn tre representantar i styret.

## § 7

Styret held møte etter ein vedteken møteplan eller når formannen, to styremedlemmer eller dagleg leiar krev det. Styret er vedtaksfør når minst 4 medlemmer er tilstades. Alle vedtak skal gjerast med simpelt fleirtal. Med likt stemmetal har formannen dobbel røyst. Innkalling til styremøte skal sendast til medlemmene minst 8 dagar før styremøte vert halde. Ein representant frå arbeidsformidlinga skal innkallast til styremøtene og kan delta i møtene utan stemmerett. Styret tilsett daglig leier og kan meddela prokura. Selskapet vert forplikta ved underskrift av styreformann.

## § 8

Styret er ansvarleg for leiinga av selskapet i samsvar med gjeldande regelverk. Styret fastset løn for arbeidstakarar, som fell inn under paragraf 3 ved verksemda. Styret tilset peronale og fastsett deira løn.

Ved inntak og tilsetjingar har dagleg leiar tilrådningsrett. Dagleg leiar har fullmakt til å ta inn arbeidstakarar for kortare tidsrom. Styret oppnemner attføringsutvalg ut i fra retningsliner frå arbeidsdirektoratet. Attføringsutvalget er det sentrale organ for planlegging og gjennomføring av bedrifta si attføringsverksemd og skal gi råd til bedrifta si leiing i spørsmål som er riktig for den. Utvalget skal behandle alle saker om inntak, oppfølging og avslutning av yrkeshemma arbeidstakarar sine arbeidsforhold.

Styret skal syte forat det vert ført rekneskap over selskapet sine egedelar og gjeld, inntekter og utgifter. Rekneskaper skal fylgja kalendaråret, og skal avsluttast seinast tre månader etter utgangen av året. Styret er ansvarlig for at årsmelding, rekneskap og budsjett vert lagt fram for generalforsamlinga til godkjenning til fastsett tid. Formannen i styret, eller den styret gjev fullmakt, har ansvar for alle ut og innbetalinger.

## § 9

Verksemda skal ha ein dagleg leiar. Dagleg leiar har ansvar for å leia verksemda i samsvar med selskapet si målsetting og styret sine vedtak. Dagleg leiar har rett til å ta del i styremøta med tale og forslagsrett, men ikkje stemmerett. Dagleg leiar fungerer som sekretær for styret og har også ansvar for sakførebuinga. Dagleg leiar skal syta for at vedtak vert gjort kjent for dei som dei vedkjem og vørt satt i verk.

## § 10

Meland kommune sin revisor er revisor for selskapet.

## § 11

### Den ordinære generalforsamling

Ordinær generalforsamling vert å halda kvart år innan utgangen av juni månad. Generalforsamlinga vert innkalla av styret sin leiar med 2 vekers varsel i brev til samtlege aksjeeigarar. På den ordinære generalforsamlinga skal følgjande saker handsamast og få si avgjerd:

1. Fastsetting av resultatrekneskapen og balansen, samt bruken av årsoverskotet eller dekking av årsunderskot.
2. Andre saker som etter lov eller vedtekter høyrer under generalforsamlinga.

## § 12

### Ekstraordinær generalforsamling

Ekstraordinær generalforsamling vert å halda når styret finn det naudsynt eller det blir krevd skriftleg av revisor eller aksjeeigarar som har minst 1/10 av aksjekapitalen. Den ekstraordinære generalforsamlinga blir innkalla med same frist og på same måte som den ordinære, og handsamer berre dei sakene som er gjeye i innkallinga.

Vedtektene for selskapet kan bli endra på generalforsamlinga. Vedtektsendring treng 2/3 fleirtal.

## § 13

Ved oppløysing av selskapet skal nettoformuen bli brukt til tiltak til beste for funksjonshemma i Meland kommune.

## § 14

Der anna ikkje er sagt i desse vedtektene gjeld aksjelova sine føresegner slik lova til einkvar tid lyder.